Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 | Fylke: Nordland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Bodin
Emne: Brynet | Bygdelag: Straumen
Oppskr. av: Lars Bernh. Kvalnes | Gard: Valnes i Bodin
(adresse): Valnes i Bodin | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Dels. Kristoffer Blix, 73 år Fjell, Valnes i Bodin

SVAR

1. Det vanlege ord for bryne er bryn, et og å bryne. Hein, ei, er ikkje bryne. Hein er av finare slag og nyttast til finkvessing av ymse reiskap.

2. Bryner er av naturstein. Finst ikkje brynestein i Bodin, det eg veit, men ein får bryner frå Beiarn.

3. Reiskapa vart fyrst slipa på ein rund slipestein og etterpå kvest med bryne eller hein. Barberkniv var vart berre heina med serskild fine heiner.

4. Ingen minnest anna at ljåane vart slipa.

5. For ca 35 år sidan fann Kristoffer Blix under ~~tomt~~ tomtearbeid på garden Tuv i Straumen (Bodin) ein slik stein som låg still og som ein kvesste reiskapane på. Den må sikkert vera svært gamal.

245

6. Det kjem an på korleis lendet er
- om der er ujårt med stein og røter,
sand osfr. På vanleg eng sliper
ein ljågane til kvart mål (frukost
kl. 1/2 9, middag kl. 12, nonsmat kl.
1/2 5 og kvelds. Nei, ein måtte nok
ha ein god slipestein.
7. Ein hadde berre eit bryne.
8. Dei tek ljågen av. Men eg kan
minnast frå barndomen min
at sume ofeste ljågen til orvet
med reimar. I slike høve vart
ljågen slipa med orvet på. Ein
held alltid eggen mot seg,
når ein slipar.
9. Då sett ein ljågorvet mot mar=
ka, byrjar så nedast orvet og sluttar
med ljågspissen. Ein kallar dette
„å kvett ljågen." Ein stydjar ljågen
med vinstre handa og held brynet
med høgre, og flytter så vinstre
etter kvart som høgre fer med bry=
net skiftevis på båe sider av
ljågen. Ein bryner gjerne to
gonger, dersom han er mykje
ukvass, tre gonger. (Altså fer
med brynet to eller tre gonger
over ljågen i kvar vending.) Ein
har det ordet her at gauken
sluttar å gale når han høyrer
ein tek til å „kvetta ljågan.
10. Det er vanleg at ein held brynet
i handa når ein slår - i vinstre


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

handa som ein held i Krykkja på
Ljågorvet. Krykkja er eit slag handtak
noko langt opp på ljågorvet. Der held
ein vinstre handa. Högre handa
held ein lenger ned på orvet -
om ein „nabbe" ein Kallar. - Stundom
har brynet i lomma. Men i barn-
domen min syntest eg minnest
ein „bryne-Kopp" av tre som dei
bar i ei reim på baken. Der
hadde dei då brynet. Eg trur dei
Kalla han „bryn-Koppen".
13. Ein fuktar brynet med vatn.
Har då vatn i ein blekkopp, er
det regnver, stryk ein brynet på
graset og får det fuktig på det
viset. Mange, serleg eldre, spytter
på brynet.
14. Nei.
15. Nei.
16 Nei.
17. Nei.
18. Nei.
19. Ein kunne vel seia det.
20. Nei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
245